



Helse- og
omsorgsdepartementet

Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF 18. mars 2022

Flyktningar frå Ukraina

HELSE  VEST

PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF

Fredag 18. mars 2022 kl 10.00 vart det halde føretaksmøte i Helse Vest RHF. Møtet vart halde som felles føretaksmøte for dei regionale helseføretaka og vart halde på telefon.

Dagsorden

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Sak 2 Dagsorden

Sak 3 Tiltak i samband med ankomst av flyktningar frå Ukraina

Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol

Også tilstades:

Statssekretær Karl Kristian Bekeng

Departementsråd Cathrine Lofthus

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum

Avdelingsdirektør Lisbet Rugtvedt

Avdelingsdirektør Astri Knapstad

Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Frå styret i Helse Vest RHF møte

Styreleiar Agnes Landstad

Nestleiar Olin Johanne Henden

Anne Karin Hamre

Tord Anton Haaland

Wenche Kristin Røkenes

Marie Skontorp

Solfrid Borge

Frå administrasjonen i Helse Vest RHF møte

Administrerande direktør Inger Cathrine Bryne

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men deltok ikkje.

Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol ønskte, som øvste eigarmyndigheit, velkomen. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

Føretaksmøtet vedtok:

Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol og styreleiar Agnes Landstad blei valde til å godkjenne protokollen.

Sak 2 Dagsorden

Helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol spurde om det var merknader til dagsorden. Det var ingen merknader til dagsorden.

Føretaksmøtet vedtok:

Dagsorden er godkjent.

Sak 3 Tiltak i samband med ankomst av flyktningar frå Ukraina

Krigen i Ukraina har ført til at Noreg må vere førebudd på ei stor flyktingetilstrøyming. Berekningsutvalet for utlendingsforvaltninga la 15.3.22 fram eit førebels scenario for at det kan kome 30 000 asylsøkjjarar frå Ukraina i 2022. Regjeringa legg beredskapsplanar for at talet kan verte høgare.

Den store flyktingetilstrøyminga vil få betydning for spesialisthelsetenesta, som må ta høgde for auka tilstrøyming til tenesta både i ankomstfasen og seinare når flyktingane er busett i ein kommune. Det vert bede om ei oppjustering av kapasiteten til å gjennomføre tuberkulosekontroll, jf. forskrift om tuberkulosekontroll. Tuberkuloseundersøking er pålagt for alle flyktningar og asylsøkjjarar. Departementet vurderer å endre forskrifta.

Tenesta vil møte ei rekkje utfordringar i samband med flyktingetilstrøyminga, mellom anna knytta til manglande dokumentasjon av sjukdom og tidlegare behandling, behov for ekstraordinære smitteverntiltak, særlege behov for tenester innanfor psykisk helse og rettleiing av kommunehelsetenesta innan traume- og krisehandsaming.

Spesialisthelsetenesta vert bede om å ta imot medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina (Medevac), som vert evakuerte frå nabolanda til Ukraina eller andre europeiske land som treng avlastning for slike pasientar. Dette vil vere alvorleg sjuke pasientar, der nokre vert følgde av pårørande. Dei regionale helseføretaka vert bedne om å etablere nasjonal og regional koordinering for mottak av pasientar frå Ukraina. Det må etablerast løysingar både for vurdering av moglegheit for å hjelpe i dei konkrete tilfella, ei ordning for fordeling av pasientar i Noreg, og hjelp i planlegginga av transport mellom avsenderland og endeleg destinasjon i Noreg. Dei regionale helseføretaka er kjende med problemstillinga og har lagt planar for å kunne hjelpe, og det er klarlagt at Oslo universitetssykehus HF vil få rolla som nasjonal koordinator. Oslo universitetssykehus HF må samarbeide med øvrige berørte aktørar i saka.

Som ledd i ei europeisk kartlegging er det meldt inn ein kapasitet på om lag 550 senger. Kor mange pasientar som vil ha behov for slik forflytning er førebels uklart, og i ein første fase vert det lagt til rette for mottak av 100 pasientar og ev. medfølgjande pårørande. Helse- og omsorgsdepartementet skal vere løpande oppdatert om saka og omfanget av pasientar, og omfanget av pasientar som vert tekne imot skal vurderast i dialog mellom Helse- og omsorgsdepartementet og dei regionale helseføretaka.

Det kan leggjast til grunn at kostnadane for behandling av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina vert dekt. Det må etablerast registreringsløyisingar i samband med dette. Vidare vil det verte vurdert om det er behov for å kompensere spesialisthelsetenesta for ekstrabelastninga som følgje av den auka flyktningetilstrøyminga, herunder ekstrakostnadar knytta til auka kapasitet for tuberkulosescreening.

Føretaksmøtet vedtok:

Dei regionale helseføretaka vert bedne om å:

- førebu seg på ei stor flyktningetilstrøyming frå Ukraina, og i samband med det mellom anna sikre stor nok kapasitet til tuberkulosescreening.*
- etablere nasjonal og regional koordinering av mottak av medisinsk evakuerte pasientar frå Ukraina og sørge for behandling og oppfølging av desse pasientane. Omfanget skal løpande avklarast med Helse- og omsorgsdepartementet.*

Møtet vart heva kl. 10.10

Oslo, 18. mars 2022

Ingvild Kjerkol
helse- og omsorgsminister

Agnes Landstad
styreleiar

Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar